




Ein interessant fottur gjennom det gamle gruveområdet til Stordø kis.

An interesting walk through the old mining area of Stordø kis.



Rute og ymse av interesse

Terreng: Grusveg og sti. Stigning ved tårnet, kupert. Dei som vil unngå stigninga opp ved tårnet, kan starta der ein kjem ned, Rødikleivbakken 17 (god veg og skogsveg)
Tid: Ca. 2 timar.

Turen startar frå **parkeringsplassen** nede ved hovudvegen, **tvrs over vegen** ved **Idrettshallen (1)**.

På haugen framfor oss ligg Kvednavikhuset (2). Dette var funksjonær-bustaden som låg nærast gruveområdet. Dei andre funksjonær-bustadane ligg fint til med utsikt over Storavatnet. Denne turen går ikkje forbi desse bustadane som er i privat eige i dag.

Me går opp bakken. Om lag hundre meter oppe på høgre sida ligg eit stort hus. Det er det gamle Samvirkelaget (3). Gruvesamfunnet hadde det meste som skulle til i eit samfunn. I tilbygget ved sida av arbeidarbustaden og samvirkelaget låg posten.

Rettt fram vidare ligg parken. Ein Arbeidarbustad (4) er sett opp der. Bustadane er bygde i perioden etter 1912. Det var vanleg at det budde ein familie i 1. høgda og ungarar i 2. høgda. Administrasjonsbygningen (5) der funksjonærane hadde arbeidsplassane sine, ligg oppe på haugen.



Foto: Tor Resser

Route and places of interest

Terrain: Gravel road and path. Hilly, with climb to tower. To avoid this climb, start from Rødikleivbakken 17 (good road and forestry road).

Time: Approx. 2 hours

The walk starts from the **car park** beside the main road, opposite the **sports centre (1)**.

The mine clerk's house (2) on the hill straight ahead was the closest to the actual mines. The other clerks' houses, which enjoyed fine lake views, are now privately owned and are not on this walk.

Ascending the hill, after about 100 m you pass a large building on the right: the former cooperative society (3). The mining community possessed most essential services, including a post office next to the miners' houses and the cooperative.

Immediately ahead lies the park, where a miners' house (4) has been preserved. These houses were built after 1912 and were normally occupied by a family on the ground floor and bachelors on the first floor. The administration building (5), where the clerks worked, is at the top of the hill. The miners' monument (4) was erected in 1996 at the point where you cross the Kiselva. The river's brownish colour is due to the iron deposits.

The large white building is the miners' bath house (6), built 1938/39. The neighbouring building is the lift house (7), target of the air raid on the mines in January 1943. You now climb a steep slope with the restored foreman's office (8) on your left.

The tower (8) stands atop a mine-shaft some 750 m deep. Modern pyrite production started in 1907. Keeping the tower on your left, climb Eikebakken (9) and continue through the forest (mine ventilation shaft). To the right of the path lies Sadalen (11), a marshy, fertile valley.

Later, arriving at a forest glade, the path divides. Take the right-hand path, passing the remains of the shieling (summer mountain pasture) for Dalegardane (farms) (12). The path bears slightly to the left, and after about 0.5 km the hills are bisected by the river Fiskarelva (Dalsløken) (13). Continue on the forestry road in a hairpin bend, descending towards the mines. On your right after the crossroads is Storstemma (Jappaløken) (14), a drinking-water reservoir.



Gruvearbeidermonumentet (4) vart reist av Venelaget for Gruo i 1996. Ved monumentet går me over Kiselva. Brunfargen i elva kjem av mykje jern i berggrunnen.

Den store kvite bygningen er Badet (6) der arbeidarane fekk vaska seg. Bygd i 1938/39. Heishuset (7) er den neste store murbygningen, mål for det engelske raidet mot gruvene i januar 1943. Me går no opp ein bratt bakke med **Stigerkontoret** (8) på venstre side. Restaurert.

Tårnet (8) står oppå ei gruvesjakt som er om lag 750 meter djup. Den moderne svovelkisproduksjonen starta i 1907. Med tårnet på venstre side går me no opp Eikebakken (9) inn i skogen langs fleire Synkar (10) (luftehol for gruvene). Sadalen (11) (våtland og grøderik dal) ligg på høgre sida av stien. Fleire kilometer med gruvegangar.

I det me kjem ut i ein lysning, deler stien seg. Me følgjer stien til høgre som går forbi tufter etter Stølen (12) for Dalegardane. Stien held fram svakt mot venstre og etter ca. 1/2 km er me komne til bakkar som vert delte av Fiskarelva (Dalsløken) (13). No går turen vidare i hårnålsving langs skogsvegen ned mot gruveområdet. Til høgre etter vegkryss ligg Storstemma (Jappaløken) (14).

Drikkevatnet frå fjellet vart samla opp her. Prosessvatn for kisivaskeriet.

Idrettsplassen (15) var mykje brukt. Organisasjonslivet var rikt i gruve-samfunnet. Vegen går no med kiselva på høgre side. Arbeidarbustadene i Rødikleiv (16) er restaurert medan Smia (18) er gruvemuseum. Arbeidarbustadane i Rødikleiv er i dag i privat eige.

Me går no ned Rødikleivbakken (17) og svingar inn til venstre. Den Mekaniske verkstaden (18) er privateigd i dag. Snikkarverkstaden er restaurert medan Smia er gruvemuseum.

Ved tårnet svingar me no ned til høgre og går forbi arbeidarbustaden og ned til parkeringsplassen. Dersom me no går bort til ballplassen og går opp ein bratt bakke til høgre, kjem me opp på ein liten open plass med benker. Dette er tufta av Vaskeriet (19). Der vart kisen skilt ut i ein vaskeprosess før han vart transportert til Sagvåg med elektrisk tog og frakta vidare med båt.

The playing field (15) was much used by the thriving sports clubs in the mining community. The road continues along the left bank of the Kiselva. The miners' houses at Rødikleiv (16) have been restored, while the smithy (18) is now a mining museum. Turn right at the tower and head downhill, past the miners' house, to the car park. Beyond the play area and up the steep hill on the right, you will find a small open area with seats: the site of the former washing plant (19), where the ore was cleaned before being transported by electric railway to the port of Sagvåg.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.